

SAK 37/16 REGIONALE IDRETTSANLEGG

Saksopplysning

I [sak 53/13](#) gjorde Regionrådet for Hallingdal slikt vedtak:

1. Regionrådet for Hallingdal tek initiativ til at det blir sett ned ei arbeidsgruppe med representantar frå:
 - a. Regionrådet for Hallingdal, Tony Kjøl
 - b. Idrettsråda i Hallingdal
 - c. Buskerud idrettskretsDagleg leiar er sekretær for arbeidsgruppa.
2. Arbeidsgruppa får i oppdrag å:
 - a. kartlegge idrettsanlegg som finnes i Hallingdal i dag og koma med forslag om det er nokon av desse anlegga som eventuelt bør vidareutviklast og ha "regionstatus".
 - b. vurdere nye regionale idrettsanlegg
 - c. vurdere utvikling av idrettsanlegg i samarbeid med reiselivsnæringa
3. Regionrådet for Hallingdal ber om at arbeidet blir gjennomført innan 1.6.2014.
4. Regionrådet for Hallingdal set av kr. 50.000 til arbeidet. Midlane blir teke frå Strategisk plan for Hallingdal.

Arbeidet har ikkje hatt framdrift som planlagt.

I mellomtida er Buskerudidrettens anleggsplan 2016 – 2020 vedteke. I forhold til interkommunale anlegg står det m.a.:

3.1 Interkommunale anlegg

Vi vil legge vekt på både å kartlegge behovet for, og videre oppmuntre flere kommuner, gjerne gjennom idrettsråd, til å gå sammen om å bygge flere interkommunale anlegg. Dette innebærer flere fordeler slik vi ser det.

For det første så vil det dekke et behov for dagen i dag og ikke minst fremover i tid for idretter som det ikke nødvendigvis er anleggsbehov for i hver kommune. Slike anlegg blir ofte i overkant dyre for en utbygger, både investeringsmessig og ikke minst driftsmessig.

For det andre så gir det ekstra spillemidler å bygge interkommunale anlegg. 30% av det ordinære søkbare tilskuddet kommer i tillegg. Det er slik at vertskommunen står hovedansvarlig og så investerer en eller flere andre kommuner i fellesskap minimum 5% av kostnaden. Med det er de også forpliktet til å bidra i driften med i minimum 5% over 20 år.

Pr. i dag er det kun tre interregionale anlegg i Buskerud. Det er kunstis-/gressbane på Konnerud med Drammen kommune som ansvarlig utbygger og Sande kommune som medeier, det er Ringeriksbadet med Hole kommune som ansvarlig utbygger og Ringerike medeier, og det er Hønefoss Arena hvor Ringerike er ansvarlig utbygger og Hole og Jevnaker kommuner som medeiere. Ringerike og Hole er dessuten medeier i et isanlegg, dette sammen med Jevnaker kommune (Oppland fylke) som ansvarlig utbygger.

Av planlagte, påbegynte anlegg er det Røykenbadet med Røyken kommune som ansvarlig utbygger og Hurum kommune som medeier. Dessuten bygges i Hemsedal, Tottenskogen rulleskiløyper hvor Gol vil være medeier.

Det er også gjennomført kartlegging som er viktig i det videre arbeidet, vedlegg 2 (aktiv lenke).

Her er det oversikt over:

- Status anleggsregister pr januar 2015 i Buskerud
- Anleggsplanar og ynskjer i Buskerud pr. januar 2015
- Anleggstyper i Buskerud
- Anleggsplanar og ynskjer Buskerud 2016

Saka handlar i denne omgang om å koma vidare med arbeidet.

Forslag til vedtak

1. Regionrådet for Hallingdal vil vidareføre arbeidet med vurdering av regionale idrettsanlegg, ref. sak 53/13.
2. Regionrådet for Hallingdal sin representant i arbeidsgruppa er
3. Regionrådet for Hallingdal ber om at arbeidet blir gjennomført innan 1.12.2016.

Ål 17.6.2016

Knut Arne Gurigard
Dagleg leiar

Vedlegg 1: [Buskerudidrettens anleggsplan 2016 – 2020](#)

Vedlegg 2: [Anleggsoversikt 2015](#)